



# *Folkemusikk 1-2-3-4*

Fagplan i folkemusikk for grunnskulane i Setesdal

Folkemusikk 1-2-3-4  
Fagplan i folkemusikk for grunnskulane i Setesdal

Utgjevar: Agder fylkeskommune  
Trykk: Aksell, Kristiansand, 2024





*Ein vegvisar*  
Folkemusikk 1-2-3-4




Foto: Knut J. Heddai/Setesdalsmuseet

# *Innhald*

<b>Forord</b> .....	<b>7</b>
<b>Om fagplanen</b> .....	<b>8</b>
<b>Folkemusikk 1-2-3-4</b> .....	<b>9</b>
Kunnskapsløftet 2020 - musikk.....	9
Kjerneelementa i musikkfaget.....	9
Korleis lese fagplanen.....	9
<b>Folkemusikk 1 (1. - 2. trinn)</b> .....	<b>13</b>
Utvalde kompetansemål .....	14
Ramme .....	14
Organisering .....	14
Fagstoff.....	14
Tekstar .....	15
<b>Folkemusikk 2 (3. - 4. trinn)</b> .....	<b>21</b>
Utvalde kompetansemål .....	22
Ramme .....	22
Organisering .....	22
Fagstoff.....	22
Tekstar .....	23
<b>Folkemusikk 3 (5. - 7. trinn)</b> .....	<b>31</b>
Utvalde kompetansemål .....	32
Ramme .....	32
Organisering .....	32
Fagstoff.....	32
Tekstar .....	33
<b>Folkemusikk 4 (8. - 10. trinn)</b> .....	<b>39</b>
Utvalde kompetansemål .....	40
Ramme .....	40
Organisering .....	40
Fagstoff.....	40
Tekstar .....	41
<b>Ekstramateriale</b> .....	<b>50</b>
<b>Innhaldsliste tekstar</b> .....	<b>52</b>
<b>Kjelder</b> .....	<b>53</b>





# Forord

I 2019 vart folkemusikktradisjonen i Setesdal (song, dans og spel) innlemma i UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv. Tradisjonen er sårbar og treng vern. Immateriell kulturarv er levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap - den utøvande aktiviteten - og utgjer samfunnets fundament: ei kjelde til identitet og kontinuitet med forankring i historia.

'Vern' i dette perspektivet er å føre vidare kunnskap og handling gjennom opplæring og formidling. Her er det fint om ein byrjar tidleg med born og unge i eit raust og støttande læringsmiljø.

Vi ynskjer derfor å bidra med ein fagplan i folkemusikk for grunnskulane i Setesdal. Fagplanen vil kunne gje elevar og lærarar tilgang til sin eigen folke-musikalske kulturarv, og gjennom å utfalde skaparglede i kvardagen kan ein sjølv få oppleve og utøve songen, musikken og dansen der ein bur.

Stor takk til skuleeigarar, rektorar og lærarressursane Else Gyro Rysstad, Stine Mari Male, Siv Eline Jacob og Anne Elizabeth Terjesen i Bykle, Valle og Bygland kommunar for godt samarbeid. Takk til Anne Beate Guldahl for gode innspel. Takk til Sanne Bak-Pedersen for design og Harald Knutsen/ Agder folkemusikkarkiv for bruk av arkivmaterieill og inkludering av fagplanen på arkivets heimeside - begge desse ved Agder fylkeskommune. Takk til Kirsten Bråten Berg for kunstnarisk utval av den vokale delen av innhaldet og til Åse Løvland og Leiv Solberg for arbeidet med fagplanen.



Annbjørg Lien  
Prosjektleder i Setesdalsfolk for oppfølging av UNESCO Setesdal  
Kultur, idrett og frivillighet i Agder fylkeskommune

# Om fagplanen

Kunnskapsløftet 2020 gir rammene for undervisning i grunnskulen og opnar for lokal tilpassing i fagområde som har med lokal kultur og identitet å gjere. På oppdrag frå Agder fylkeskommune har vi laga ein plan som set utøving av musikk, dans og kulturforståing i fokus. Planen kan òg brukast til andre fag i ein tverrfagleg samanheng.

Metodikken baserer seg hovudsakleg på munnleg overføring frå læraren og via tilgjengeleggjorde lydfilear og videoar. Organisering av undervisninga og metodiske val er opp til den enkelte læraren, som òg set rammene for vurdering av eleven.

Fagstoffet for dei ulike trinna er lagt opp slik at det skal vere mogleg å følgje planen samtidig som dei andre oppgåvene til skulen blir utførte. Håpet er at elevane i dei ulike grunnskulane i regionen skal få eit lite, men viktig, felles musikalsk repertoar.


Innhaldet i planen er tilrettelagt slik at læringa skjer ved gjentaking og fordjuping gjennom skuletrinna. For kvart trinn blir repertoaret utvida. Øve og framføre er sentralt for å lære seg tradisjonane og bli godt kjend med stoffet.

Elevane bør, minst ein gong i halvåret, framføre folkemusikkaktivitetar for dei andre elevane eller på andre tilstellingar som skulen arrangerer. Meistring og glede heng tett saman, og planen legg til rette for dette. Innhaldet i planen får derfor størst betydning når stoffet blir teke i bruk i skulekvardagen.

Identitetsbygging og godt sosialt fellesskap er ein naturleg konsekvens ved bruk av tradisjonsstoff, og vi håper at både lærarar og elevar vil gjere det til sitt.



Åse Løvland  
Musikkpedagog



Leiv Solberg  
Musikar og produsent



# Folkemusikk 1-2-3-4

## Kunnskapsløftet 2020 - musikk

Fagplanen for musikk i Kunnskapsløftet 2020 gir rammene for denne fagplanen. Målet for opplæringa er definert i kompetansemål for kvart fag i grunnskulen. Vi har valt ut aktuelle kompetansemål i musikk der folkemusikk har ein naturleg plass. Desse kompetansemåla viser kva kunnskap i folkemusikk det er venta at elevane skal ha etter å ha gjennomført dei aktuelle trinna. Vi håper samtidig at innhaldet skal vere interessant for tverrfagleg undervisning. Til dømes i musikk og norsk, med temaet tekstskaping (stev), musikk og kroppsøving, med temaet dans/akrobatikk (gangar), og så vidare.

Kompetansemåla i Kunnskapsløftet 2020 gjeld etter 2. trinn, 4. trinn, 7. trinn og 10. trinn. Vi har valt dei same inndelingane i denne planen, der det faglege innhaldet blir fornya i kvar del.

## Kjerneelementa i musikkfaget

Kjerneelementa for musikkfaget i Kunnskapsløftet 2020 er følgjande: utøve, lage, oppleve og kulturforståing.

### Utøve

Elevane bør aktivt delta i song, dans og spel i skulekvardagen. Dette gir elevane høve til å kjenne på meistring og glede.

### Lage

Elevane kan bruke folkemusikk materialet i eigne kreative prosessar som til dømes å lage noko nytt med utgangspunkt i eksisterande stoff. Det kan vere å danse gangar på nye måtar eller å lage eigne stev og liknande. I tillegg bør elevane delta i framføringar knytte til folkemusikk.

### Oppleve

Oppleve handler om aktiv lytting til musikk. Elevane kan lytte etter konkrete. klanglege element som til dømes hardingfele, eller om det er fleire som spelar saman, osv. Ei anna tilnærming kan vere å kjenne etter kva assosiasjonar og kjensler musikken opnar for.

Oppleve handlar òg om å delta i musikalske aktivitetar i og utanfor skulen, som konsertar, kappleik og vere med i spelemannslag.

## Kulturforståing

Elevane blir oppfordra til å utforske korleis folkemusikken og dansen i Setesdal er blitt brukt gjennom tidene, og korleis han blir brukt i ulike situasjonar i dag. Elevar i 6. og 9. trinn på skulane blir kvart år inviterte til ein felles interkommunal aktivitetsdag på Setesdalsmuseet. Sjå meir bak i planen under overskrifta *Ekstramateriale*. Her finst det òg tips til lokalitetar i nærmiljøa som vil kunne berike kulturopplevingane.

## Korleis lese fagplanen

Fagplanen i folkemusikk er tenkt som eit praktisk hjelpemiddel, og i følgjande kapittel er det tilvisingar til eit repertoar med tekstar og lytteeksempel som gir ei god forståing og kunnskap om folkemusikktradisjonen i Setesdal. For kvart nivå (1-2-3-4) finn ein derfor oversikt over kva elevane bør lære, og korleis dette forhold seg til Kunnskapsløftet 2020.

Bakerst i fagplanen har vi lagt inn ekstramateriale knytt til stev, song, dans, munnharpe, hardingfele og kulturforståing. Dessutan lenkjer til ekstra fagstoff. Alfabetisk oversikt over song- og regletekstar frå 1. til 10. trinn finst òg her.

## Agder folkemusikkarkiv

Fagstoffet elevane vil bli kjende med, er tilgjengeleg på heimesida til Agder folkemusikkarkiv. Kirsten Bråten Berg har stått for utvalet av songar og regler og har sunge inn det meste av det vokale repertoaret. Fagplanen inneheld alle dei vokale sjangrane i folkemusikken og utvalet er gjort på grunnlag av hennar livslange erfaring som kvedar, innsamlar og pedagog.

Heimesida hjå Agder folkemusikkarkiv er open for alle, og her kan både lærar og elev høyre musikken og sjå dansen via lydfiler og videoklipp. Læraren kan bruke lytteeksempla direkte i klasserommet og lære stoffet saman med elevane, men vi anbefaler at læraren sjølv lærer seg melodiane og står for formidlinga. Slik blir stoffet overlevert munnleg, slik tradisjonen har vore. Der det finst tekstar i planen, har vi valt å skrive dei slik dei blir uttalte. Det kan gi nokre overraskingar, mellom anna i valet mellom og og å!

Lenkjer til det pedagogiske materialet finn du på Agder folkemusikkarkiv: [agderfolk.no](http://agderfolk.no)

Alt materialet i fagplanen er nummerert fortløpande og samsvarer med nummereringa på heimesida.

Foto: Leiv Solberg



*„Eg har nytta dialekt og uttale så langt eg har emna og håper det kan vere til hjelp og støtte for lærarane som skal bruke tekst og lydopptak i undervisninga.*

- Kirsten Bråten Berg, 2024





Foto: Geir Daasvatn/Setesdalsfolk



# *Folkemusikk 1*

1. - 2. trinn





# Utvalde kompetansemål

## Kompetansemåla til Udir

Utøve eit repertoar av songleikar, songar og dansar henta frå elevane sin nære musikkultur og frå kulturarven.

Formidle opplevingar av ulike musikalske uttrykk gjennom samtale og kunstnariske uttrykksformer.

## Kompetansemåla i fagplanen

Utøve eit repertoar av regler, songleikar, songar og dansar henta frå elevane sin nære musikkultur og frå kulturarven i Setesdal.

Øve og framføre ulike folkemusikalske uttrykk gjennom kunstnariske uttrykksformer som song, dans og forteljingar.

## Ramme

I løpet av 1.- 2. trinn bør elevane gjennom følgjande:

4 regler, 4 songdansar, 4 songar, 1 julestev, 1 julesong, 1 dans og 4 lytteeksempel.

I tillegg bør elevane delta i fire framføringar (det er anbefalt med to i året).

## Organisering

Kjerneelementa gir god retning til korleis undervisninga bør organiserast.

## Utøve

- Elevane utøver gjennom regler, song og dans.

## Lage

- Elevane kan til dømes leike med ord og rim og lage egne vers.
- Dei kan øve på og framføre folke-musikalsk stoff ein gong kvart semester, til dømes i ei fellessamling eller ved andre skulearrangement.

## Opplive

- Leike/ bevege seg til gangarslåttane (finst i lytteeksempel) for å bli kjende med rytme og melodi.
- Presentasjon av hardingfele, munnharpe og harpeleik. Lytte til musikken og høyre på forskjellane i dei ulike instrumenta.
- Turnébesøk på skulen.

## Kulturforståing

- Snakk med besta/gome. Elevane blir oppmuntra til å leite etter lokal folkemusikk/-song i sitt eige nærmiljø – til dømes hos familie og venner.

## Fagstoff

Musikkstoffet i fagplanen er tilgjengeleg som lydfiler eller lenkjer til desse på heimesida til Agder folkemusikkarkiv. Der finn du stoffet via ein trykk-knapp som sender deg til rett stad på heimesida. Lydfilene på heimesida er nummererte fortløpande og samsvarer med nummereringa i fagplanen.

## Regler

- 01** Akse bakse buksetroll
- 02** Ein svein drein droll
- 03** Ein å tvo lappe sko
- 04** Ein tvo tri

## Songdans/-leik

- 05** Herr Smett (Folkepedia)
- 06** Jomfru, jomfru kjære (Folkepedia)
- 07** Ein bonde i vår by (Folkepedia)
- 08** Spinne spinne snellegarn

## Songar

- 09** Dull dull presten
- 10** Titta liti kom her
- 11** Ikonna gjekk på vollen og slo
- 12** Pusikatt, pusikatt

## Julestev/-song

- 13** Kjenn jolefreen, han rår i landi
- 14** Et barn er født i Betlehem

## Dans

- 15** Langedans (Folkepedia)

## Lytteeksempel

- 16** Fanten til dans (gangar på hardingfele, Gunnar Stubseid)
- 17** Huldreslått (gangar på hardingfele, Hallvard T. Bjørgum)
- 18** Sordølen (gangar på munnharpe, Åni Rysstad)
- 19** Holt-rilen (harpeleik, Sigurd og Ella Fjeldstad)

Musikken finn du her:  
**agderfolk.no**

Fleire songleikar og langedansen  
finn du her: **folkepedia.no**



# Regler

## **01. Akse bakse buksetroll (frå Valle)**

Akse bakse buksetroll  
ramla ned frå Ørnevoll  
med si kone Karoline  
midt på grisetryne fine

## **02. Ein svein drein droll (frå Bygland)**


Ein svein drein droll  
Skifte skafte vedeboll  
Der skal stande toll

## **03. Ein å tvo lappe sko (frå Bykle)**

1-2 lappe sko  
3-4 byte slire  
5-6 ete flesk  
7-8 ut å skotte  
9-10 stå på ski  
11-12 skubb ni koll  
13-14 byte skjorten  
15-16 stelle hesten  
17-18 bere vatten  
19-20 alli ljuge

## **04. Ein tvo tri (frå Bygland)**

Ein tvo tri  
Asko lasko li  
Du er fri



# Songleik/-dans

## 05. Herr Smett

Herr Smett, herr Smett  
eg trur du har forlova deg.  
Herr Smett, herr Smett  
eg trur du har forlova deg!  
Ritsj ratsj, fille bom bom bom,  
fille bom bom bom, fille bom bom bom.  
Ritsj ratsj, fille bom bom bom,  
vil du være med så kom!

## 06. Jomfru, jomfru kjære

Jomfru, jomfru, jomfru, jomfru kjære  
Her er karusellen som skal gå til kvelden  
Ti for de store og fem for de små  
Skynd deg på skynd deg på for nå skal karu-  
sellen gå!  
/:Ha ha ha, det går jo så bra  
for Andersen og Pettersen og Lindstrøm å ja:!

## 07. Ein bonde i vår by

Ein bonde i vår by, ein bonde i vår by.  
Hei hopp fa-di rala-la, ein bonde i vår by.

Og bonden tek ei kone og bonden tek ei kone.  
Hei hopp fa-di rala-la og bonden tek ei kone.

Og kona tek eit barn og kona tek eit barn.  
Hei hopp fa-di rala-la og kona tek eit barn.

Og barnet tek ein hund og barnet tek ein hund.  
Hei hopp fa-di rala-la og barnet tek ein hund.

Og hunden tek ein katt og hunden tek ein katt.  
Hei hopp fa-di rala-la og hunden tek ein katt.

Og katten tek ei mus og katten tek ei mus.  
Hei hopp fa-di rala-la og katten tek ei mus.

Og musa tek ein ost og musa tek ein ost.  
Hei hopp fa-di rala-la og musa tek ein ost.

Og osten han blei att og osten han blei att.  
Hei hopp fa-di rala-la og osten han blei att.

## 08. Spinne spinne snellegarn

Spinne spinne snellegarn  
så fint så fint som heklegarn,  
for Anne vil vi bukke,  
for Anne vil vi neie,  
og Anne må svinge seg rundt i tull.

# Songar

## 09. Dull dull presten (frå Hylestad)

Dull dull presten  
sylvbora hesten.  
Fyri rie bruri liti og ung  
ette kjæme Gunhild  
ho veg kji ko a pond, pond, pond, POND!

## 10. Titta liti kom her (frå Valle)

Titta liti kom her, her er æ molto å ber.  
Her æ roso å liljo ti leike for deg.  
Titta liti

## 11. Ikonni gjekk på vollen å slo (frå Bygland)

Ikonni gjekk på vollen å slo  
såg du koss han snørde.  
Skjeri lesste å kråka drog  
å vesle pusekatten kjørde.  
Hanen treskte å høna mol  
katta baka braud te jol  
kattungen knua å musa ho rua med rumpa si.

*Knua* – kna deigen  
*Rua* – feie vekk mjølet

## 12. Pusikatt, pusikatt (frå Bykle)

Pusikatt, pusikatt kori låg du i natt?  
I bure å slikka rjome.  
Ko ville du det, ko ville du det?  
Eg totte det så godt sa han pusi..... MJAU

## *Julestev/-song*

### **13. Kjenn jolefreen, han rår i landi (Torbjørg Åmli Paus)**

Kjenn jolefreen, han rår i landi  
å spurven ete av fuglebandi.  
No hav mi et åkkå mett å gla  
av lefseklinge å næpespa.

### **14. Et barn er født i Betlehem (melodi frå Setesdal)**

Et barn er født i Betlehem, i Betlehem,  
Ti gleder seg Jerusalem.  
Halleluja, halleluja!

En fattig jomfru satt i lønn, hun satt i lønn,  
og fødte himlens kongesønn.  
Halleluja, halleluja!

Men okse der og asen stod, og asen stod,  
og så den Gud og Herre god.  
Halleluja, halleluja!

Av Saba kom de konger tre, de konger tre.  
Gull, røkels, myrra ofret de.  
Halleluja, halleluja!

På stjernepper lyseblå, de lyseblå,  
skal glade vi til kirken gå.  
Halleluja, halleluja!

Lov, takk og pris i evighet, i evighet,  
den hellige trefoldighet.  
Halleluja, halleluja!



# *Folkemusikk 2*

3. - 4. trinn



# Utvalde kompetansemål

## Kompetansemåla til Udir

Utøve og utforske eit repertoar av songar og dansar frå ulike musikkulturar, inkludert samisk musikkultur.

Formidle eigne musikkopplevingar og beskrive bruk av musikalske verkemiddel ved hjelp av enkle fagomgrep.

Samtale om og reflektere over korleis musikk skaper mening og verdi når han blir brukt i ulike sosiale samanhengar.

## Kompetansemåla i fagplanen

Utøve og utforske eit repertoar av songar og dansar frå ulike musikkulturar, inkludert samisk musikkultur og den tradisjonelle musikken til dei reisande.

Formidle eigne musikkopplevingar og beskrive bruk av folkemusikalske verkemiddel ved hjelp av enkle fagomgrep som til dømes sterkt/svakt, hurtig/langsamt, klang og melodi.

Samtale om og reflektere over korleis folkemusikken skaper mening og verdi når han blir brukt i ulike sosiale samanhengar.

## Ramme

I løpet av 3.- 4. trinn bør elevane gjennom følgjande:

3 regler, 2 songdansar, 4 songar, 3 stev, 1 julestev, 1 julesong, 3 dansar, 6 lytteeksempel.

I tillegg bør elevane delta i fire framføringar (det er anbefalt med to i året).

## Organisering

Kjerneelementa gir god retning til korleis undervisninga bør organiserast.

## Utøve

- Elevane utøver gjennom regler, song og dans.

## Lage

- Elevane kan lage eiga stevbok med stevtekstar.
- Marsj (polonese) kan gjerast på ulike måtar. I tillegg til kjende former kan elevane utforske nye, eigne variantar i marsjen.
- Øve på og framføre folkemusikalsk stoff ein gong kvart semester, til dømes ei fellessamling eller ved andre skulearrangement.

## Opplive

- Høyre på grunnrytmen i gangaren (sjå lytteeksempel) og øve på grunnrytmen ved å klappe, trampe, hoppe, hinke, snurre og så vidare.
- Lytte til ulike folkemusikksongarar i Setesdal og songar frå musikken til dei reisande og den samiske songtradisjonen.
- Turnébesøk på skulen.

## Kulturforståing

- Elevane blir oppmuntra til å leite etter lokal folkemusikk/-song i sitt eige nærmiljø – til dømes hos familie og venner og elles i kommunen.
- Saman med læraren kan elevane utforske kva som finst av historier knytte til folkemusikk/-dans i eigen region, og eventuelt besøkje stader som har tilknytning til desse.

## Fagstoff

Musikkstoffet i fagplanen er tilgjengeleg som lydfiler eller lenkjer til desse på heimesida til Agder folkemusikkarkiv. Der finn du stoffet via ein trykk-knapp som sender deg til rett stad på heimesida. Lydfilene på heimesida er nummererte fortløpande og samsvarer med nummereringa i fagplanen.



## Regler

- 20. Ennikken mennikken
- 21. Kristen Kakk
- 22. Ellinga vellinga

## Songdans

- 23. Bukkevisa
- 24. Eg gjekk meg ut i lunden

## Songar

- 25. Nils å Jens
- 26. Kom kiss kom kass
- 27. Homputt å klomputt
- 28. Eg vipa meg

## Stev

- 29. Eg va meg oppå Troddefjødd
- 30. Langeluren å bukkehonna
- 31. Så mange kjæm å vi dalen skoe

## Julestev/-song

- 32. No li det so at ho vender soli
- 14. Et barn er født i Betlehem

## Dans

- 33. Tullemarsj (Folkepedia)
- 34. Treklappdans (Folkepedia)
- 15. Langedans (med song, til dømes Kjerringa med staven)

## Lytteeksempel

- 35. Hopparen (gangar på hardingfele, Vidar Lande)
- 36. Det æ so vent å vesteheio (vokal, Eldbjørg Rysstad)
- 37. Kjetta sat i moltemyr (vokal, Ingebjørg Vegestog)
- 38. Vil du no sove hos meg i natt (vokal, Kim Rysstad)
- 39. Vallesongen med historie (vokal, Lasse Johansen)
- 40. Lappespringaren (hardingfele, Andres K. Rysstad)

Musikken finn du her:  
[agderfolk.no](http://agderfolk.no)

Dansevideoane finn du her:  
[folkepedia.no](http://folkepedia.no)



Foto: Knut Utler/Agder folkemusikkarkiv

# Regler

## 20. Ennikken mennikken

Ennikken menniken sukken te mei  
håben dåben dummelidei.  
No kjæme veir å vestavind  
gjer til bossmann ut å inn.  
Hans navn heiter  
Killkall, Kobberikai.  
Smikk smakk snute pute  
du må stå.

## 21. Kristen Kakk (frå Hylestad)

Kristen Kakk skulle ut å gå  
men så hadd an inga bukse på.  
Så tok mor hass ein randutt stakk  
å sauma bukso til Kristen Kakk.  
Men Kristen likte kje buksun si  
med slike stripo å renda i.  
Så tok mor hass eit pylseskinn  
å sauma bukso til guten sin.  
Men då Kristen beini i bukso stakk,  
heile pylseskinne sprakk.  
Å då ha kje mor hass rå til fleir  
så Kristen fekk alli bukso meir.

## 22. Ellinga vellinga

Ellinga vellinga Vatlandsguten  
tok an å slo an med vaskekluten.  
Det skal du ha ditt stygge troll.  
Ekstra tekstra tel til tolv,  
1-2-3-4-5-6-7-8-9-10-11-12

## *Songleik/-dans*

### **23. Bukkevisa**

/:Og bukken va` brokut og bukken va svart,:/  
og bukken blei borte på ei laurdagsnatt.  
Killebukken min, ser du gjeita!

/:Den lange han leidde, den stutte jaga på,:/  
så må du då tru at den bukken laut gå.  
Kille.....

/:Dei toko den bukken og la han på ein krakk,:/  
den lange han heldt og den stutte stakk.  
Kille...

/:Og nordafor garden der renn det ei å,:/  
der skjulde dei tarman' bå' store og små.  
Kille...

/:Og skinnit det hengde dei attum ei dør,:/  
Der ha' det no hange ein fell hell' to før!  
Kille...

/:Og kjerringa på setra ho koka seg kål,:/  
gjord` bonnom sine bitar av eit bukkelår.  
Kille...

/:Og neafor ein bakke og oppafor ein dal,:/  
der budde dei karane som bukken stal.  
Kille....

### **24. Eg gjekk meg ut i lunden**

/:Eg gjekk meg ut i lunden,  
ein kveld i måneskinn.:/  
Der møtte eg ei jente,  
så fager og så fin - fin - fin.  
Der møtte eg ei jente, så fager og så fin.

/:Ho lova meg sitt hjarte,  
ho lova meg si hand.:/  
Me nytte og me nytte  
så fast eit kjærleiks band - band - band.  
Me nytte og me nytte  
så fast eit kjærleiks band.

/:Dei båndi som me nytte,  
dei ingen løyse kan.:/  
Nei, berre, berre døen  
kan løyse desse band - band - band.  
Nei, berre, berre døen  
kan løyse desse band.



# Songar

## 25. Nils å Jens

/:Nils å Jens og Gjeidaug:/  
Fær kje han Nils enn Gjeidaug  
så ligg han no snart så steidau.  
Å så steidau, å så steidau.  
Tralalalalala.....

## 26. Kom kiss kom kass

Kom kiss kom kass  
kom kiss kom kass.  
Kom kyra.  
Saue saue sauin å gjeitan æ mæ  
saue saue sauin å gjeitan æ mæ.  
Kyra, kom kyra.

## 27. Homputt å klomputt

Homputt å klomputt æ fai din heime.  
Kvistutte, krokutte, jammen æ han so.

## 28. Eg vipa meg (frå Valle)

Eg vipa meg framte mæ stråndi.  
Brønne mine dei kjend inkje meg,  
dei sloge ette meg med stongji.

Eg vippe meg framte mæ reino.  
Brønne mine dei kjend inkje meg,  
dei kasta ette meg mæ steino.



# Stev

## 29. Eg va meg oppå Troddefjødd

Eg va meg oppå Troddefjødd  
der dansa bå gjeita å saui.  
Å ingjen va der som dansa så vent  
som kissen enn Titta den rauí.

*kissen* – kalven  
*enn* – hennar

## 30. Langeluren å bukkehonni

Langeluren å bukkehonni  
det vi eg slett alli høyre.  
Men felelåten å bånegråten  
det lillar så godt i mitt øyre.  
(sa bjønner)

## 31. Så mange kjæm å vi dalen skoe

So mange kjæm å vi dalen skoe  
de æ kji lite mi hav ti bjoe.  
Så håge fjødd å så ven ein fjord  
de må leitast etti på denne jord.



## *Julestev/-song*

### **32. No li det so at ho vender soli (frå *Stev for dagen*, 20.12)**

No li det so at ho vender soli  
no kjæm ho atte den glade joli.  
Ho by deg lykke å sålebot  
om du æ no so at du tek i mot.

### **14. Et barn er født i Betlehem (melodi frå *Setesdal*)**

Et barn er født i Betlehem, i Betlehem,  
Ti gleder seg Jerusalem.  
Halleluja, halleluja!

En fattig jomfru satt i lønn, hun satt i lønn,  
og fødte himlens kongesønn.  
Halleluja, halleluja!

Men okse der og asen stod, og asen stod,  
og så den Gud og Herre god.  
Halleluja, halleluja!

Av Saba kom de konger tre, de konger tre.  
Gull, røkels, myrra ofret de.  
Halleluja, halleluja!

På stjernepper lyseblå, de lyseblå,  
skal glade vi til kirken gå.  
Halleluja, halleluja!

Lov, takk og pris i evighet, i evighet,  
den hellige trefoldighet.  
Halleluja, halleluja!





# *Folkemusikk 3*

5. - 7. trinn



# Utvalde kompetansemål

## Kompetansemåla til Udir

Utøve eit repertoar av musikk, song, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia. Utforske og drøfte korleis musikk frå fortida påverkar dagens musikk.

Øve inn og framføre song og musikk, i samspel eller individuelt, gehørbasert og ved bruk av enkle notasjonsteknikkar.

Reflektere over korleis musikk kan spele ulike roller for utviklinga av identiteten til individ og grupper.

## Kompetansemåla i fagplanen

Utøve eit repertoar av vokal folkemusikk, folkedans og munnharpe. Gammalt og nytt repertoar.

Utforske og drøfte korleis eldre folkemusikk påverkar dagens folkemusikk.

Øve inn og framføre folkemusikk, i samspel og/eller individuelt. Munnleg overlevering, lære frå opptak eller video.

Diskutere korleis folkemusikken spelar ulike roller for personleg utvikling og grupperes identitet.

## Ramme

I løpet av 5. - 7. trinn bør elevane gjennom følgjande:

4 songar, 6 stev, 1 julestev, 1 julesong, 5 dansar, spel på munnharpe og 7 lytteeksempel. Sjå avsnittet *Ekstramateriale* bak i planen.

I tillegg bør elevane delta i seks framføringar (det er anbefalt med to i året).

## Organisering

Kjerneelementa gir god retning til korleis undervisninga bør organiserast.

## Utøve

- Elevane utøver gjennom å syngje, danse og spele på munnharpe.

## Lage

- Lage egne stev. Sjå *Ekstramateriale*.
- Lage stevleik.
- Improvisere egne variantar av gangardansen og teste han opp mot populærmusikk.
- Øve på og framføre folkemusikalsk stoff ein gong kvart semester, til dømes fellessamling eller andre skulearrangement.

## Opplive


- Lytte til andre musikarar som er inspirerte av folkemusikk frå Setesdal.
- Turnébesøk på skulen.

## Kulturforståing

- Ein ekskursjon på 6. trinn til aktivitetssdag på Setesdalsmuseet, Rysstad.
- Utforske kva som finst av historier knytte til folkemusikk/-dans i eigen region, og eventuelt besøkje stader som har tilknytning til desse.
- Gjere seg kjend med dagens folkemusikarar/-dansarar/instrumentbyggjarar frå regionen.

## Fagstoff

Musikkstoffet i fagplanen er tilgjengeleg som lydfiler eller lenkjer til desse på heimesida til Agder folkemusikkarkiv. Der finn ein stoffet via ein trykk-knapp som sender deg til rett stad på heimesida. Lydfilene på heimesida er nummerert fortløpande og samsvarer med nummeringa i fagplanen.



## Songar

- 41. Håvår Heddi
- 42. På Frøysnes
- 43. Kvi ror du så fort
- 44. Kråkevisa

## Stev/ stevleik

- 45. Vi du stevjast så må du kâme
- 46. Guten min han æ alli store
- 47. Suleskaren fór utom Ose
- 48. I Hoslemo æ der bratte bakka
- 49. Den lisle jenta på tili svinga
- 50. So æ stevi og so æ måli

## Julestev/-song

- 51. Han sender sol ne iv sæle bruri
- 14. Et barn er født i Betlehem

## Dans

- 52. Gangarring på Håmåren (video)
- 53. Jig Circle/ 1-2-3 dansen (Folkepedia)
- 54. Skotsk ril (Folkepedia)
- 87. Setesdalsgangar 1 (introduksjon, video)
- 88. Setesdalsgangar 2 (triks og tips, video)

## Munnharpa

- 89. Munnharpebruk (video)

## Lytteeksempel

- 55. Skjoldmøyslaget
- 56. Stevleik (Eldbjørg Trydal Rysstad, Gunnar Stubseid, Vetle Tveiten Hoslemo og Sigrid B. Berg)
- 57. Skuldalsbruri (Kirsten Bråten Berg, Gunnar Stubseid, Ale Møller)
- 58. Luftslaget (munnharpe, Bjørgulv Straume)
- 59. Valle Auto og bensin (vokal, Lillebjørn Nilsen)
- 60. Fiskaren (gangar på munnharpe, Thov G. Wetterhus)
- 61. Tira makam/ Eg vippa meg

Musikk og video finn du her:  
[agderfolk.no](http://agderfolk.no)

Dansevideoar finn du òg her:  
[folkepedia.no](http://folkepedia.no)



# Songar

## 41. Håvår Heddi

Eg heiter Håvår Heddi og er så ven ein kar,  
no vil eg bort og gifte meg og rydja meg ein gard.  
Eg bur opp under fjell,  
og jenta hev eg lova, eg svik `a inkje hell.

Garden den er liten, men skogen den er god,  
eg heve der tvo furur og dei skal stå i ro.  
Eg bur opp under.....

Og når det lid på tida og borni aukar på.  
Så høgg eg ned den eine, den andre let eg stå.  
Eg bur opp under.....

Men når me verte gamle og kvar skal hava sitt.  
Så høgg eg ned den andre, og då er skogen kvitt.  
Eg bur opp under.....

Det var no inkje undrans at Håvård totte vondt.  
Han reiste ut til Langjei den myrke hausenott.  
Eg bur opp under.....

Han reiste ut til Langjei og då var jenta fest,  
men det var med ein annan det hev han trega mest.  
Eg bur opp under fjell,  
den jenta som eg lova, ho sveik meg likevel.

## 42. På Frøysnes

På Frøysnes der stod  
en forunderlig lek.  
Da ulven fra Neri  
han tok bort en gjet.  
Å gjeten lå under  
å ulven oppå.  
Å Neri begynte  
med neven å slå.

## 43. Kvi ror du så fort (etter Svein Hovden)

Kvi ror du så fort,  
kvi ror du så fort, du ungersvenn.  
Kvi må eg kje ro,  
mæ grasi de gro i grønan eng.

Kvi ror du mot sø,  
kvi ror du mot sø, du ungersvenn.  
Kvi må eg kje ro,  
som snekkja ho snu mot grønan eng.

## 44. Kråkevisa

### (Lindeman, melodi frå Setesdal)

Mannen reiste at ve`e-skog,  
hei falitt å la la la.  
Høyrer han kråka i lunden og gol,  
det dunar i bønn falalala.

So reiste han heimatt å redda seg,  
hei falitt å la la la.  
Han tenkte `Kråka kan drepa meg`,  
det donar i bønn falalala.

Kjeddingji svøra av si forstand,  
hei falitt å la la la  
Kråka drep ingjen vaksen mann,  
det donar i bønn falalala.

Mannen spente sin bogji for kne,  
hei falitt å la la la.  
So skaut han kråka so hu datt ne,  
det donar i bønn falalala.

So sila han ut dei hestann` toll,  
hei falitt å la la la.  
so kjøyrd` àn kråka på låvegolv,  
det donar i bønn falalala.

Vengjinn` ha han ti tekkje sitt hus,  
hei falitt å la la la.  
Ræva han ha ti drykkjekrus,  
det donar i bønn falalala.

Skjinni ha han ti riste si reip,  
hei falitt å la la la.  
Å klørne ha han ti mykjegreip,  
det donar i bønn falalala.

Nebbi ha han ti tunnetapp,  
hei falitt å la la la.  
Å leggjin` ha han ti øksesapt,  
det donar i bønn falalala.

## *Stev/ Stevleik*

### **45. Vi du stevjast så må du káme**

Å vi du stevjast så må du káme,  
her æ a liti som tår seg våge.  
Her må káme ei, her må káme tvæ,  
her må káme trjá av dei best her æ.

*tvæ* - to  
*trjá* - tre

### **46. Guten min han æ alli store**

Guten min han æ alli store  
men han æ rauleitte som enn blome.  
Guten min han æ snål å grei,  
han æ låg å liten, men hærebrei.

*rauleitte* - raude kinn  
*hærebrei* - breiskuldra

### **47. Suleskaren fór utom Ose**

Suleskaren fór utom Ose  
å då sto Gonill i sauefjosi.  
Ho sto der bia i timann tri  
alt te Suleskaren ha reist forbi.

*Suleskaren* - ein kar frå Suleskar i Sirdal

### **48. I Hoslemo æ der bratte bakka**

I Hoslemo æ der bratte bakka  
der gjenge jentun i stutte stakka.  
Dei gjenge bakkan bå opp og ne  
å inne brukar dei sko av tre.

### **49. Den lisle jenta på tili svinga**

Den lisle jenta på tili svinga  
hu sko`a sylve ho ha i bringa.  
Å jenta tenkte med sjave seg  
tru drengjinn sko då kji like meg?

*å sko`e* - sjå på  
*sko* - skulle

### **50. So æ stevi og so æ måli (frå *Stev for dagen*, 03.01)**

So æ stevi å so æ måli  
som fljote hestar på isen håle.  
So æ stevi på dalevis  
liksom fljote hesta på håle is.

*fljot* - rask  
*håle is* – glatt is

# *Julestev/-song*

## **51. Han sender sol ne iv sæle bruri (frå Stev for dagen, 25.12)**

Han sender sol ne iv sæle bruri  
i sæle heima skrell inkje huri.  
Ver glad i heimen, ver som a sol  
så æ lykka viss liksom neste jol.

## **14. Et barn er født i Betlehem (melodi frå Setesdal)**

Et barn er født i Betlehem, i Betlehem,  
Ti gleder seg Jerusalem.  
Halleluja, halleluja!

En fattig jomfru satt i lønn, hun satt i lønn,  
og fødte himlens kongesønn.  
Halleluja, halleluja!

Men okse der og asen stod, og asen stod,  
og så den Gud og Herre god.  
Halleluja, halleluja!

Av Saba kom de konger tre, de konger tre.  
Gull, røkels, myrra ofret de.  
Halleluja, halleluja!

På stjerne-tepper lyseblå, de lyseblå,  
skal glade vi til kirken gå.  
Halleluja, halleluja!

Lov, takk og pris i evighet, i evighet,  
den hellige trefoldighet.  
Halleluja, halleluja!



# *Folkemusikk 4*

8. - 10. trinn



# Utvalde kompetansemål

## Kompetansemåla til Udir

Utøve eit variert repertoar av musikk, song, andre vokale uttrykk og dans.

Reflektere over korleis musikalske tradisjonar, inkludert samiske musikktradisjonar, blir bevarte og fornya.

Samarbeide med andre om å planleggje og gjennomføre øvingsprosessar der sjølvvald song, andre vokale uttrykk, spel på instrument eller dans inngår, og formidle resultatet i gruppe eller individuelt.

## Kompetansemåla i fagplanen

Utøve eit variert repertoar av folkemusikk, folkesong og folkedans frå Setesdal.

Reflektere over korleis folkemusikalske tradisjonar, samiske musikktradisjonar i Setesdal og tradisjon etter dei reisande i Setesdal kan bevarast og fornyast.

Samarbeide om å planleggje og gjennomføre øvingsprosessar innanfor folkemusikk der sjølvvald song, andre vokale uttrykk, spel på instrument eller dans inngår, og formidle resultatet i gruppe eller individuelt.

## Ramme

I løpet av 8. - 10. trinn bør elevane gjennom følgjande:

3 songar, 1 salme, 3 stev, 7 frekke stev, 2 slåttestev, 1 julesong, 5 dansar, spel på munnharpe og 7 lytteeksempel. Sjå avsnittet *Ekstramateriale* bak i planen.

I tillegg bør elevane gjennomføre seks framføringar (det er anbefalt med to i året).

## Organisering

Kjerneelementa gir god retning til korleis undervisninga bør organiserast.

### Utøve

- Elevane utøver gjennom å syngje, danse og spele på munnharpe.

### Lage

- Lage egne stev som kan brukast i stevleik.
- Øve på og gjennomføre ei framsyning knytt til folkemusikk og folkedans.

### Opplive

- Lytte til stevleik.
- Lytte til muskarar som er inspirerte av folkemusikken frå Setesdal, og diskutere kva som er annleis.
- Turnebesøk på skulen.

### Kulturforståing

- Ein ekskursjon på 9. trinn til aktivitetssdag på Setesdalsmuseet, Rysstad.
- Gjere seg kjend med dagens folkemusikarar/-dansarar/instrumentbyggjarar frå regionen.
- Delta på folkemusikkarrangement utanfor skulen (festival, kappleik, dansearrangement) ein gong i året.

## Fagstoff

Musikkstoffet i fagplanen er tilgjengeleg som lydfiler eller lenkjer til desse på heimesida til Agder folkemusikkarkiv. Der finn du stoffet via ein trykk-knapp som sender deg til rett stad på heimesida. Lydfilene på heimesida er nummerert fortløpande og samsvarer med nummeringa i fagplanen.



## Songar

- 62. Vilborg på Kveste
- 63. Gamle Gunnleik
- 64. Tora Lille (Målfrid mi fruve)

## Salme

- 65. Nu rinner solen opp

## Stev

- 66. Guten fyri utetti stråndi
- 67. Den lisle jenta sat ned mæ strondi
- 68. Sossi gange dei sukk å bee

## Frekke stev

- 69. Fanten duste meg ko da seie
- 70. Eg æ som vinden i krok og slengji
- 71. Då eg høyr han oppetti stetti
- 72. Du Mari Nesi må alli tenkje
- 73. Bestelanden mæ fire hundre
- 74. I heile nott ha me vore oppi
- 75. No hev eg kosta meg lås for huri

## Slåttestev

- 76. Nils å Jens
- 77. Soteroen å Faremoen

## Julesong

- 14. Et barn er født i Betlehem

## Dans

- 52. Gangarring på Håmåren (video, Agder folkemusikkarkiv)
- 78. Cowboyril (Folkepedia)
- 79. Seksmannsril (Folkepedia)
- 87. Setesdalsgangar 1 (introduksjon, video)
- 88. Setesdalsgangar 2 (triks og tips, video)

## Munnharpa

- 89. Munnharpebruk (video)

## Lytteeksempel

- 80. Stevleik (vokal, Gro og Tarjei Brokke)
- 81. Vengjeslag (Ugagn, frå utgivinga *Vengjeslag*)
- 82. Vilborg på Kveste (Folk och Rackare, frå utgivinga *Anno 1979*)
- 83. Dolkaren (Hedningarna, frå utgivinga *Hippjokk*)
- 84. Gamle Gunleik (Slinkombas, frå utgivinga *Slinkombas*)
- 85. Tora Lille (Slinkombas, frå utgivinga *Og bas igjen*)
- 86. Nils, Jens og Gjeidaug (Spelemannslaget Knut Heddis minne)

Musikken og videoar finn du her:  
**agderfolk.no**

Dansevideoar finn du òg her:  
**folkepedia.no**



Foto: Knut Utler/Agder folkemusikkarkiv

# Songar

## 62. Vilborg på Kveste

Aa Kveste det ligge imilljom tvo nutar,  
ho Vilborg er vèn og kjær etter gutar.

Aa Kveste det ligge imilljom tvo dalar,  
ho Vilborg er vèn og kjær etter karar.

Aa Onund Medgarden kom oman åsen,  
treffe så Vilborg med ho stod på låven.

Aa er du `kji dotter til lensmann på Kveste,  
kvi skal du då stande på låven og treskje?

Aa gutann dei er få, men gjentunn er mange,  
og difor så må eg på låven stande.

Aa vil du no fy`gje Onund Olson at våren,  
så skal du `kji stande på tresje-låven.

Jau, du lyt fy`gje Onund Olson på stråndi  
så trygar eg blakken, så hittar eg gångji .

Han sulla med Vilborg, han sulla så lengji  
han sulla med Vilborg om kveldo i sengji.

Aa Vilborg på Kveste med raude snjo-sokkar  
og alle hennar belar var tvo kjole-pjokkar.

## 63. Gamle Gunnleik

Gamle Gunnleik gamle Gunnleik han sat  
på låven å lappa sko.

Det må du lite på, det må du våge på at  
desse skosolan blir for små.

/:Sudidamdai, sudidamdai, sudidamdai,  
sudidå:/

Det va ulileg du kom så tileg, det va så mykje  
eg ha sillt gjort.

Vaska koppan å stella fjosi å kvellestundi ho  
fòr så fort.

/:Sudidamdai, sudidamdai, sudidamdai,  
sudidå:/

Utpå tuni ska blakkjen stande, der ska han  
stande ei liti ti.

Der ska han stande dei timann lange te eg  
hev tala mæ jenta mi.

/:Sudidamdai, sudidamdai, sudidamdai,  
sudidå:/

Ei potte brennevin de hev eg drukkje opp,  
ei flaske akkevitt hev eg igjen.

Så mange jento som eg hev tura mæ,  
så mange fleire her æ igjen.

/:Sudidamdai, sudidamdai, sudidamdai,  
sudidå:/

No hev eg slutta å drikke brennevin,  
no hev eg slutta å spile kort.

Men handle klokko å fri te jentunn,  
de æ dei syndinne eg hev gjort.

/:Sudidamdai, sudidamdai, sudidamdai,  
sudidå:/

#### 64. Tora Lille (Målfrid mi fruve)

Hot er det for ein gangar grå  
- Målfrid mi fruve  
Hver morgen for din dør mon stå?  
- Tora lill  
Hver morgen for din dør mon stå?  
- Tora lille, Tora ligger på luri

Det er ingen gangar grå  
- Målfrid mi fruve  
Det er mine gjæsar store og små  
- Tora Lill  
Det er mine gjæsar store og små  
- Tora Lille, Tora ligger på luri

Hot er det for eit liti kinn  
- Målfrid mi fruve  
Som kvar dag græte i buret din  
- Tora Lill  
Som kvar dag græte i buret din  
- Tora Lille, Tora ligger på luri

Nei, det er ikkje liti kinn  
- Målfrid mi fruve  
Men det er Bragje, hunden min  
- Tora Lill  
Men det er Bragje, hunden min  
- Tora Lille, Tora ligger på Luri

Kjennast du ved den høgre hand  
- Målfrid mi fruve  
Som henge i mitt sadelband?  
- Tora Lill  
Som henge i mitt sadelband?  
- Tora Lille, Tora ligger på luri

Å ja, å ja, eg kjenna må  
- Målfrid mi fruve  
Eg åtte år hev legje på  
- Tora Lill  
Eg åtte år hev legje på  
- Tora Lille, Tora ligger på luri

Han validrykkjen i meg laug  
- Målfrid mi fruve  
Å ja, å ja, no er han daud!  
- Tora Lill  
Å ja, å ja no er han daud  
- Tora Lille, Tora ligger på luri

Tora Lill, gakk no kvil i seng  
- Målfrid mi fruve  
Nå treng du kji liggje å luri leng  
- Tora lill  
Nå treng du kji liggje å luri leng  
- Tora Lille, Tora ligger på luri

*kinn* – barn  
*validrykkjen* - trolldrikk

# *Salme*

## **65. Nu rinner solen opp (Kingo)**

Nu rinner solen opp av østerlide,  
foryller fjellets topp og bergets side.  
Vær glad, min sjel, og la din stemme klinge.  
Stig opp fra jordens bo,  
og deg med takk og tro til himlen svinge!

Utallig så som sand og uten måte,  
som havets dype vann er Herrens nåde.  
Som han mitt hode daglig overgyter.  
Hver morgen ved min skål,  
en nåde uten mål han fritt meg byder.

Han har i denne natt med engleskare,  
mitt hus og hjem omsatt så ingen fare.  
Fikk over meg og mine kjære råde.  
Men jeg er frelst og fri,  
fra dødens mørke sti og sjelevåde.

# Stev

## **66. Guten fyri utetti strándi (frá *Stev for dagen*, 21.11)**

Guten fyri utetti strándi  
á jenta etti mæ sokkebándi.  
Min snille gute du biar meg  
for dei sokkebándi dei gjev eg deg.

## **67. Den lisle jenta sat ned mæ strondi**

Den lisle jenta sat ned mæ strondi  
á studde hovude av ni hondi.  
Ho sat á såg utá bylgjunn blå  
dæ va nog si framtí ho grána på.

*grána på* – grunna på

## **68. Sossi gange dei sukk á bee (frá *Stev for dagen*, 14.02)**

Sossi gange dei sukk á bee  
á sei dæ synd at me syngj á kvee.  
Men tru dæ rá de kan vere synd  
at han la slig song uti hugjen min.

## *Frekke stev*

**69. Fanten duste meg ko da seie  
(frå *Stev for dagen*, 07.02)**

Fanten duste meg ko da seie  
eg likar guten min ko da meine.  
Fanten duste meg ko da sei  
eg hell av guten min mei å mei.

**70. Eg æ som vinden i krok og slengji  
(frå *Stev for dagen*, 24.02)**

Eg æ som vinden i krok og slengji  
eg æ kje like dei aire kvendi.  
Eg hev lagt hugjen til ein som fjell  
men eg finn meg nye kverr laurdagskvell.

**71. Då eg høyr han oppetti stetti  
(frå *Stev for dagen*, 20.08)**

Då eg høyr han oppetti stetti  
eg bad til Gud han ha dutte nette.  
Då eg reis opp å sill slepp han inn  
eg ba ti Gud dæ ha vor den hin.

*nette* – ned igjen

**72. Du Mari Nesi må alli tenkje  
(frå *Stev for dagen*, 13.04)**

Du Mari Nesi må alli tenkje  
at du å Bygland æ venast jente.  
Det må du slett alli tenkje ell tru  
der æ ei i Åkhus venar ell du.

**73. Bestelanden mæ fire hundre  
(frå *Stev for dagen*, 31.01)**

Bestelanden mæ fire hundre  
kaupte si bile vil kjøyre å dundre.  
Då han ha havt han i månan tri  
åtte han kje bukson han fria i.

*Bestelanden* – ein kar frå Besteland  
*åtte* - eigde

**74. I heile nott ha me vore oppi  
(frå *Stev for dagen*, 30.06)**

I heile nott ha me vore oppi  
i Frøysnessvingjen dansa å drukkji.  
Av spilemenna så va der tri  
av dei våkleg Årakan va der ni.

**75. No hev eg kåsta meg lås for huri**

No hev eg kåsta meg lås for huri  
så no må Sandnesen stande ute.  
No hev eg kåsta meg lås av jinn  
så no sleppe Sandnesen alli inn.

*hur - hurd* – dør

*jinn* – jern

*Sandnesen* – ein kar frå Sandnes



## *Slåttestev*

### **76. Nils å Jens**

Det va Nils å Jens å Gjeidaug  
å Nils han ligge no steidau.  
Dersom han fær kje ligge med Gjeidaug,  
så ligg han no snart så steidau.  
Sadelodado dai do daidam (x 4)

### **77. Soteroen å Faremoen**

Soteroen å Faremoen  
Ingebjørg Ose å Skoreguten.

Soteroen å Faremoen  
seiste så gjekk han på neversolen.

/:Vi du have det raunebere:/  
Nei, det tar du slett alli gjev meg.





## *Julesong*

### **14. Et barn er født i Betlehem (melodi frå Setesdal)**

Et barn er født i Betlehem, i Betlehem,  
Ti gleder seg Jerusalem.  
Halleluja, halleluja!

En fattig jomfru satt i lønn, hun satt i lønn,  
og fødte himlens kongesønn.  
Halleluja, halleluja!

Men okse der og asen stod, og asen stod,  
og så den Gud og Herre god.  
Halleluja, halleluja!

Av Saba kom de konger tre, de konger tre.  
Gull, røkels, myrra ofret de.  
Halleluja, halleluja!

På stjernepper lyseblå, de lyseblå,  
skal glade vi til kirken gå.  
Halleluja, halleluja!

Lov, takk og pris i evighet, i evighet,  
den hellige trefoldighet.  
Halleluja, halleluja!

# Ekstramateriale

## Stev

Stev kan brukast til alle slags tema, og elevane kan oppfordrast til å lage egne stev. Eit døme på eit humoristisk stev er dette reklamestevet frå ein elektromontør på Hovden:

*Svakstraum, sterkstraum og volt og  
Watte,  
Ta deg i vare, men få'kje 'fnatte'  
Instalatøren legg inn for deg  
Så fær du ljøs på din mørke veg*

Frå *Jol i Setesdal*, 2005

## Gamlestev og nystev

*Steva er 4-lina einstrofingar som står aleine og gjev ei fullstendig meining. Gamlesteva er lyriske og alvorsamme, medan nysteva er direkte og inderlege i uttrykksmåten. Innhaldet i nysteva femner om alt som rører seg i tankar og sinn. I Setesdal har me 30-40 ulike melodiar til nysteva, medan her er berre 2-3 melodiar til gamlesteva. I gamlesteva finn ein enderim i 2. og 4. line, medan ein har enderim i 1. og 2. line, og 3. og 4. line, i nysteva. Det heiter å kvede eit stev, men å stevjast når fleire kved stev til kvarandre. - (Stev for dagen, 2007).*

## Stevleik

Stevleik er ein måte å bruke stev på som kan vere både underhaldande og spennande. Her kan to eller fleire syngje stev i ei slags kommunikasjonsform slik at det stevet éin person syng, kan svarast på med eit nytt stev sunge av dei andre i stevleiken. Poenget blir å 'svare' på meininga i det føregåande stevet, gjerne humoristisk. Ein kan sjølv sagt lage egne stev òg, eller vri litt om på teksten i eit eksisterande stev for å kommentere det føregåande. Det ligg gode døme på stevleik blant lytteeksempla.

## Song

Songen har mange ulike uttrykk og funksjonar. Bånesullar, til dømes *Titta liti*, er eit anna ord for vogglesongar. Desse finn ein i alle kulturar og i ulike variantar. Mellomalderballadar er lange episke viser som har røter i mellomalderen og finst i mange land. Bygdevisene har ofte kjend forfattar og handlar om personar som har levd, til dømes *Håvår Heddi*. Religiøse folketonar/salmar finn me i heile Noreg, men melodiane har ofte ein lokal variant. Dei folkelege visene finn ein i eldre songbøker som til dømes Mats Berg si songbok. Dei blei bruka dagleg i skulen, og var kjend stoff eit par generasjonar tilbake. Songleikane er enkle leikar for born, til dømes *Spinne, spinne snelle-garn*. Slåttestev er små vers med tema frå slåttemusikken, dei har inga fast form og har ofte humoristisk tekst.

## Dans

Norsk folkedans vert delt inn i fire hovudgrupper; songdans, turdans, runddans og bygdedans. Songdans er ei danseform der ein har henta steg og tak frå færøydans til norske folkeviser, og vert delt inn i grupper, som:

- Viser av det overnaturlige (Horpa)
- Legendeviser (Agnusdei)
- Historiske viser (Falkvord Lommansson)
- Riddervisier (Inga Litimor)
- Kjempe- og Trollviser (Åsmund Frægdegjeva)
- Skjemte- og dyreviser (Kråkevisa)

Ein har òg songdans til nyare viser, rim, stev og dikt der opphavet er kjend.

*Songleikar* er leik som ein syng til, regler på dansetrinn, handling og rørsle, som til dømes *Bjørnen sover, Lille Petter Edderkopp, Ta den ring og la den vandre*.

*Turdans* er dansar som er bygde opp av turar som kjem i fast rekkefølgje. Turane går opp i veka til musikken (dei melodiske periodane) slik at musikken kan langt på veg fortelje deg kva ein bør gjere. Døme på turdansar er *Seksmannsril frå Asker*, *Feiar frå Søgne*, *Ril frå Vegårshei*.

*Runddans* (gammeldans) er ein pardans der ein svingar seg saman utan noko fast mønster, stillartar som til dømes reinlender, vals, polka og masurka.

*Bygdedans* er den eldste folkedansen vi har, og formen er knytta til kvar dansen kjem ifrå. Døme på bygdedans er gangar (setesdalsgangar), springar (telespringar), pols (rørospols), rull (vossarull) og halling (lausdans som hovudsakleg kjem frå Hallingdal).

### Munnharpe

Munnharpa er både enkel og komplisert på same tid. Det kan vere enkelt å få til lydeffektar og enkle tonar, men det kan bli meir krevande når ein prøver seg på den avanserte munnharpeteknikken. Den inneber mellom anna opning og lukking i svelget på ulike tonetrinn i skalaen. Norsk Munnharpeforum arrangerer kurs der ein kan lære dette. Tonetrinna til munnharpa fell utanfor den tempererte skalaen vi kjenner frå til dømes piano. Derfor er det enklast å spele slåttar eller melodiar som er 'munnharpe-egna'. Til dette er det svært mykje melodimateriale å velgje frå. Mange hardingfeleslåttar lét seg til dømes spele på munnharpe. Hugs at munnharpene må reingjerast grundig etter bruk.

### Hardingfele

Setesdal har lange tradisjonar i hardingfelespel, og instrumentet blir brukt både i solo og samspel, til dansespel eller rett og slett berre til å lytte til. Den eldste hardingfela vi kjenner til, er funnen i Hardanger og er datert 1651. Instrumentet har fire spelestrengar slik som ein vanleg fiolin, men det er understrengane som gjer hardingfela annleis. Dei må stem-

mast nøyaktig i forhold til spelestrengane for at dei skal klinge med når felespelaren spelar slåttan. Derfor kan ei moderne hardingfele gjerne ha åtte eller ni stren- gar: fire til å spele på med bogen, og fire eller fem som ligg under og har som oppgåve å klinge med.

### Kulturforståing

For at elevane skal få eit nært forhold til stader med kulturell betydning i nærmiljøet, anbefaler fagplanen at ein utforskar slike stader. Ein ekskursjon til slike lokalitetar kan gi fine opplevingar og viktige impulsar til elevane. Men eit godt alternativ til ekskursjon, er å invitere nokon som kjenner områda til å fortelje for klassen. Her er nokre døme:

- Farkadden – budde i elva Faråen som no er regulert. Torleiv H. Bjørgum har dikta stev om dette. På plassen Faremoen like ved, budde det mange felespelarar.
- Reiårsfossen – segna om Reiår som fall utfor fossen og døydde, finst i *Gamalt or Sætesdal*. Felespelaren Dreng Ose budde like ved. I boka Hugsjå av Gunnar Rysstad finn ein dikt om Reiårsfossen.
- Tore Nuten heldt til på støylen Nuten i Valle. Ivar Aasen noterte ned segna om han på 1800-talet. Gunnar Rysstad har skrive dikt om Tore Nuten.
- Huldreheimen i Bykle blir driven av Setesdalsmuseet. Huldreheimen består av gamle hus frå fleire stader i regionen.
- Sylvartun - folkemusikksenter på Nomeland der felespelar Hallvard T. Bjørgum er sentral.
- Besøk hos munnharpesmedar og felemakarar.
- Folkemusikkvandring i bygdene. Har vore arrangert fleire gonger i regi av mellom anna Setesdal Spelemannslag.
- Setesdalsmuseet lagar eigne aktivitetsdagar for elevane i 6. og 9. trinn.

## Relevante TV-sendingar på NRK.no

- 'Halvbror til reven' - om munnharpa
- 'Halvbror til reven' - om musikk frå Setesdal
- 'Den sterke slått' - om rammeslåttane
- 'Skjoldmøyslaget' - møte med Torleiv og Hallvard T. Bjørgum
- 'Farkadden' - om ein slått og ein fossegrim
- 'Magiske understrenger' - om hardingfela
- 'Hallvard T. Bjørgum' - gangarsjef og kulturfigter
- 'Folk:LAB' - smiing av munnharpe og Sigurd Brokke på Gardermoen
- 'Ny klang i gamalt stål' - smeden Knut Tveit og spelemann Bjørgulv Straume
- 'Slått og stev i Setesdal' ved Liv Greni
- 'Frå Valle til Byglandsfjorden' ved Sigmund Skomedal
- 'Frå Hovden til Valle' ved Sigmund Skomedal
- 'Skjoldmøyarven' ved Sigmund Skomedal
- 'Bjoren' - om restaurering og samferdsel
- 'Bjørgulv Straume' på Norge Rundt. Munnharpesmiing

## YouTube

Mykje relevant videomateriale er lagt ut på nett, og på YouTube har Agder folke-musikkarkiv ein eigen kanal der det er mange fine videoar som kan brukast i undervisninga.


Om du skriv inn *munharpe* eller *Jew's harp* i søkjefeltet på YouTube, finn du svært mykje å velge i frå mange kantar av verda.

Norsk Munnharpeforum har arrangert munnharpefestival kvart år sidan 90-talet. På YouTube-kanalen deira er det lagt ut fleire kurs og konsertar.

## Folkepedia

Folkepedia er eit tilbod til alle. Der skal det visast folkedansar frå heile landet. Det er Noregs Ungdomslag som har oppretta Folkepedia, og setesdalsganga-ren har sin plass der. Folkepedia tilbyr òg vandrestoff, og mange av songleikane som finst der, er relevante for Setesdal.

[folkepedia.no](http://folkepedia.no)



# Innholdsliste tekstar

<b>Titlar</b>	<b>Kategori</b>	<b>Sidetal</b>
Akse bakse buksetroll.....	regle.....	16
Bestelanden mæ fire hundre .....	stev .....	47
Bukkevisa .....	songleik .....	25
Den lisle jenta på tili svinga .....	stev .....	36
Den lisle jenta sat nemæ strondi .....	stev .....	46
Du Mari Nesi må alli tenkje.....	stev .....	47
Dull dull presten.....	bånsull .....	18
Då eg høyr han oppetti stetti .....	stev .....	47
Ein bonde i vår by.....	songleik .....	17
Ein svein drein droll .....	regle.....	16
Ein tvo tri.....	regle.....	16
Ein å tvo lappe sko .....	regle.....	16
Eg gjekk meg ut i lunden .....	viser/ringleik .....	25
Eg va meg oppå Troddefjødd .....	gamlestev, bånsull .....	27
Eg vipa meg.....	viser .....	26
Eg æ som vinden i krok og slengji.....	stev .....	47
Ellinga vellinga.....	regle.....	24
Ennikken mennikken .....	regle.....	24
Et barn er født i Betlehem.....	julesong .....	19
Fanten duste meg ko da seie .....	stev .....	47
Gamle Gunnleik.....	viser .....	43
Guten fyr utetti stråndi .....	stev .....	46
Guten min han æ alli store .....	stev .....	36
Han sender sol ne iv sæle bruri.....	stev .....	37
Herr Smett .....	songleik .....	17
Homputt å klomputt .....	slåttestev .....	26
Håvår Heddi.....	viser .....	35
I heile nott ha me vore oppe .....	stev .....	47
I Hoslemo æ der bratte bakka .....	stev .....	36
Ikonna gjekk på vollen å slo.....	bånsull .....	18
Jomfru, jomfru kjære.....	songleik .....	17
Kjenn jolefreen, han rår i landi.....	stev .....	19
Kom kiss kom kass .....	lokk .....	26
Kristen Kakk .....	regle.....	24
Kråkevisa.....	skjemteviser .....	35
Kvi ror du så fort .....	gåteviser .....	35
Langeluren å bukkehonna .....	gamlestev .....	27
Nils å Jens .....	slåttestev, kort utgave (3.- 4. trinn) .....	26
Nils å Jens .....	slåttestev (8.-10. trinn).....	48
No hev eg kåsta meg lås for huri.....	stev .....	47
No li det so at ho vender soli .....	julestev .....	28
Nu rinner solen opp .....	salme .....	45
Pusikatt, pusikatt .....	bånsull .....	18
På Frøysnes .....	visestubb .....	35
So æ stevi og so æ måli .....	stev .....	36
Sossi gange dei sukk å bee.....	stev .....	46
Soteroen å Faremoen.....	slåttestev .....	48
Spinne spinne snellegarn .....	songleik .....	17
Suleskaren før utom Ose.....	stev .....	36
Så mange kjæm å vi dalen skoe .....	stev .....	27
Titta liti kom her .....	bånsull .....	18
Tora Lille .....	ballade .....	44
Vilborg på Kveste .....	bygdeviser .....	43
Vi du stevjast så må du kåme.....	stev .....	36

## *Kjelder*

Agder folkemusikkarkiv: [agderfolk.no](http://agderfolk.no)

Noregs Ungdomslag: [folkepedia.no](http://folkepedia.no)

Kunnskapsløftet 2020:  
[udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket](http://udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket)

Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa  
[udir.no/lk20/overordnet-del](http://udir.no/lk20/overordnet-del)

Læreplan i musikk (MUS 01-02)  
[udir.no/lk20/mus01-02](http://udir.no/lk20/mus01-02)

*Dommelidei*, Kirsten Bråten Berg red.  
Setesdal Spelemannslag, 2013.


*Hasse, hasse gjeito*. Bånsulla, reglo og leika frå Valle.  
Valle bondekvinneleg, 1986.

*Stev for dagen*, Kirsten Bråten Berg, Kari Rolfsen, Astrid Rysstad.  
Grappa Musikkforlag, 2007.

*Norske folkedansar, songdansar*. Klara Semb.  
Noregs Boklag/Det Norske Samlaget i samarbeid med Noregs  
Ungdomslag, Oslo 2002.

*Min visebag*, Geir Lystrup, Bokklubbens lyrikkvenner.  
Den norske Bokklubben A/S, 1990.







**AGDER**  
fylkeskommune